

Folk først

program for Gloppen Venstre
for perioden 2011-2015



www.gloppen.venstre.no

venstre

Gode veljar!

Ver med og ta ansvar for natur og livsmiljø for komande generasjonar!

Eg vil føre ein lokalpolitikk der målet er at Gloppen skal vere ein god kommune å kome til og ein god kommune å bu i, å vekse opp og å bli gamal i, no og i framtida.

Dette er eit lokalval. Ta deg derfor god tid til å studere kven dei lokale kandidatane er og kva dei enkelte partia står for!

Saman med alle dei andre i Gloppen Venstre skal eg arbeide for dei liberale verdiane våre; folkestyre, fridom for den enkelte, ta vare på fellesskapet, miljøet og dei svakaste i samfunnet.

Vi trur på at entreprenørskap, frivillig innsats og dugnadsånd vil bidra til eit betre samfunn for alle.

Venstre set folk først!

Ragnar Eimhjellen, Gloppen Venstre



RAGNAR EIMHJELLEN: Førstekandidat for Gloppen Venstre. 68 år, gift og har to born. Pensjonert rektor Firda VGS.

Ny vekst i Gloppen

Som Noregs einaste liberale parti vil Venstre gje fridom til den enkelte, samstundes som vi skal ta vare på fellesskapet, miljøet og dei svakaste i samfunnet. Vi vil sleppe kreativitet og skaparkraft laus. Vi trur på at entreprenørskap, frivillig innsats og dugnadsånd vil bidra til å skape eit betre samfunn for alle.

Vi vil at Gloppen skal vere ein "ja-kommune" for alle som kjem til Gloppen. Alle skal vere velkomne og bli tatt godt i mot, uavhengig av hudfarge og kulturell bakgrunn. Venstre trur at alle kan bidra til fellesskapet og gjere Gloppen til eit opnare og meir inkluderande samfunn.

Vi i Venstre trur på framtida for Gloppen. Vi meiner tida er inne for å sleppe nye krefter til som kan skape optimisme og ny vekst i Gloppen og regionen vår. Det må først ein aktiv næringspolitikk, særleg retta mot kompetansearbeidsplassar, slik at fleire kan sjå Gloppen som ein attraktiv stad å etablere seg.

Målet for politikken vår er at Gloppen skal vere ein god kommune å kome til og ein god kommune å bu i, vekse opp og bli gamal i.



Ei røyst til Venstre i Gloppen er ei røyst til eit framtidsoptimistisk Gloppen med ein sterkare og betre samanknytt region rundt oss!

Kunnskap og like moglegheiter

Gloppen Venstre vil:

- ha meir fokus på læringsmiljø og kvalitet i grunnskule, kulturskule og barnehage
- styrke lærarkompetansen gjennom sterkare satsing på vidareutdanning og innføre ei kommunal stipend-ordning for lærarar
- ha eit godt samarbeid mellom kommunen og Firda vidaregåande for å nytte den kompetansen skulen har og for å sikre Firda eit breiast mogeleg opplæringstilbod
- at kompetansen i Gloppen Opplæringssenter blir integrert i dei andre skulane i kommunen for betre norskopplæring for innvandrarane og auka forståing og samhandling mellom ulike kulturar
- arbeide for at høgskuleutdanninga på Sandane får tilført fleire utdanningsløp



Kultur

Gloppen Venstre vil:

- fylle Trivselshagen med meningsfylte aktivitetar. Sikre gode vilkår for frivillige idretts- og kulturaktivitetar i Trivselshagen
- stø planane om full utbygging av Sandane Idrettspark på Myklebustflata. Kommunen må delta i finansieringa slik at heile anlegget kan fullførast
- legge tilhøva til rette for ei god drift av Nordfjord Folkemuseum
- gje barn og ungdom gode fritidstilbod
- gje dei frivillige organisasjonane gode arbeidsvilkår. Stimulere desse til aktivt å ta del i integreringa av våre nye landsmenn



Eit klimavenleg samfunn

Gloppen Venstre vil:

- at omsynet til miljøet skal gjennomsyre all kommunal planlegging og aktivitet
- at Gloppen skal vere ein føregangskommune når det gjeld miljøpolitikk ved at heile den kommunale verksemda får status som miljøfyrtårn i løpet av 4-års perioden
- arbeide for at heile Sandane sentrum får ei universell utforming slik at sentrum kan framstå som grønt, triveleg og lett framkomeleg for alle
- vere ein pådrivar for at strandområdet Øyrane/utstillingsplassen blir utvikla til eit friluftslivs-, bade- og parkområde i samarbeid med aktuelle aktørar
- støtte ei framtidig opprusting av Ødvenfjæra slik at den kan bli attraktiv som bade- og friluftsområde
- at det blir etablert ladestasjonar for el-/hybridbilar



- satse sterkare på vedlikehald og ENØK. Det må stillast krav om bruk av vassboren varme i nærings- og offentlege bygg
- leggje vekt på å sikre nærfriluftsområda
- satse sterkare på tiltak som hindrar gjengroing av kulturlandskapet

Samferdsle og trafikk-tryggleik

Gloppen Venstre vil:

- arbeide for ei gradvis opprusting av Fjellbygdevegen
- arbeide for opprusting av riksveg 615 på strekninga Rygg- Sande og Hyen-Storebru
- at det snarast må utarbeidast ein vedlikehaldsplan for kommunale vegar med

prioritering av tiltak

- arbeide for at Sandane Lufthamn får fly-avgangar som imøtekjem behovet i regionen
- arbeide for å få to ferjer som trafikkerer Anda-Lote
- at framtidig E-39 må følgje vedteken trasé med bru frå Anda til Lote

Varm velferd når du treng det

Gloppen Venstre vil:

- at Gloppen kommune skal ha høg kvalitet i helse- og omsorgstenesta
- at Gloppen kommune skal vere i front i gjennomføringa av Samhandlingsreforma
- styrke den heimebaserte pleie- og omsorgstenesta og følgje opp ressursbehovet til Gloppen Omsorgssenter
- følgje opp behovet for omsorgsbustader med døgnbemanning både i Hyen, på Byrkjelo, Breim og på Sandane
- ha ei betre tilrettelegging for funksjonshemma
- stimulere det frivillige arbeidet retta mot eldre og funksjonshemma
- leggje vekt på førebygging og rehabilitering
- at Nordfjord sjukehus får ressursar nok til å fungere som eit tenleg lokalsjukehus for



Nordfjord med basis i nødvendige akutt-funksjonar og anesti

Bustad- og tomte- spørsmål

Gloppen Venstre vil:

- at ein til ei kvar tid skal ha ledige byggetomter i alle deler av kommunen
- at det vert bygt fleire bustader og husvære i sentrum, gjerne kombinert med forretningsbygg

- legge meir vekt på estetiske omsyn i regulerings- og byggesaker

Eit kreativt og verdiskapande Noreg

Gloppen Venstre vil:

- ha ei sterkare satsing på næringsutvikling og attraktive arbeidsplassar
 - at kommunen bidrar til å sikre næringsareal/-lokale til nyetablerarar på gunstige vilkår i ein etableringsfase
 - halde fram med oppsøkjande verksemd retta inn mot ungdom under utdanning og drive ein aktiv politikk for at fleire skal flytte til Gloppen
 - at kommunen i samarbeid med Firda vidaregåande skule utarbeider eit program for oppfølging av Firda-elevar som kjem tilbake hit i samband med jubileum, etc.
 - arbeide for å få fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar lagt til Gloppen
 - delta i eit nærare samarbeid mellom Nordfjord-kommunane for å få fart på næringsutviklinga og få fleire til å etablere seg i regionen
 - profilere Nordfjord som ein samla bu- og arbeidsmarknadsregion
 - at Gloppen, som vertskommune, har god dialog med SFE for å halde oppe viktige kompetansearbeidsplassar
 - at kommunen tidleg i perioden tek stilling til alternative måtar å forvalte kraftressursane på etter at avtalen med SFE går ut
 - ikkje auke den kommunale eigedomsskatten, men øymerke deler av denne skatten årleg til næringsfondet
 - at det blir skipa eit eige etablerarfond og at kommunen set av midlar til dette fondet
 - at det bør etablerast eit eige styre for desse fonda
- at ein nyttar Trivselshagen til kulturbasert næring t.d. til større arrangement og kongressar
 - etablere eit tverrfagleg nettverk mellom kommune, vidaregåande skule, høgskuleutdanninga og private bedrifter/næringsliv som kan gje dei tilsette auka kompetanse, sikre rekrutteringa av fagpersonell og dyktige leiarar og på sikt gje grunnlag for nye arbeidsplassar
 - støtte utviklinga av eit meir mangfaldig reiseliv i Gloppen
 - støtte utviklinga i landbruksnæringa med utvikling av nisjeprodukt, t.d. gjennom eit samarbeid med Sandane Næringsshage
 - at kommunen nyttar lokal kompetanse, varer og tenester når desse er konkurransedyktige.



Våre kandidatar




1. **Ragnar Ivar Eimhjellen**, 1943
Pensjonert rektor

2. **Vigdis Henden**, 1962
Adm. leiar



3. **Peder Lofnes Hauge**, 1989
Student



4. **Kari Elisabeth Aasebø**, 1977.
5. **Njål Helgheim**, 1965.
6. **Mila Hansen**, 1966.
7. **Ole Henrik Mølmann**, 1971.
8. **Raissa Utnes**, 1956.
9. **Geir Skagen**, 1965.
10. **Knut Ove Bjørlo**, 1979.
11. **Bernt Kristian Holtan**, 1943.
12. **Olav Fuglestrand**, 1963.
13. **Jan Bjørlo**, 1953.

Ved å bruke røystesetelen din er du med og bestemmer retninga på politikken i Gloppen dei neste 4 åra.

Ei røyst til Venstre er ditt ja til ein aktiv miljø- og næringspolitikk, slik at Gloppen framleis kan vere ein god kommune å bu i.

VALET ER DITT – RØYST VENSTRE



venstre

www.gloppen.venstre.no